



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 13. september 2018 kl. 09.00 – 10.30

Stad: Formannskapssalen, kommunehuset

Tilstade: Rolf Henning Hegland (fung. leiar), Kåre Helge Østrem (medlem),
Ann Kristin Tønning (medlem) og Kåre Mestad (1.varamedlem)

Grunna forfall var det 4 av 5 medlemmar til stades

Forfall: Peder Jøsendal har meldt flytting (nyval er pt ikkje halde)
Rebecca Duesund Fjeldsbø - forfall meldt så seint at vara ikkje vart kalla inn

Innkalla:

Frå revisjonen: Etter avtale ingen

Sekretær: Øivind Olsnes

34/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

35/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte den 06.06.2018

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte den 06.06.2018 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte den 06.06.2018 er godkjent



36/18 Skriv og meldingar:

Saksvedlegg:

- a. Kommunestyrevedtak - sak 037/18, Selskapskontroll av Knarvik Industri og Miljø AS
- b. Kommunestyrevedtak - sak 038/18, Forvaltningsprosjekt informasjonstryggleik

Saksopplysningar:

Kommunestyret har gjort vedtak i vedlagde saker i samsvar med kontrollutvalet sine tilrådingar.

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

37/18 Val av revisjonsordning / revisor Alver kommune – oppstart / førebuing av sak

Saksvedlegg:

Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune.

Saksopplysningar:

Lindås, Meland og Radøy skal slåast saman til Alver kommune frå 01.01.2020. I den samanheng må det veljast revisjonsordning og revisor for den nye kommunen. Kommunestyra i dei tre kommunane har delegert (jmf. pkt 5.5) til fellesnemnda å ta stilling til revisjonsordninga. Fellesnemnda skal gjere sitt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.

Etter kommunelova §78 skal kontrollutvala gje sine innstillingar på to spørsmål i slik rekkefølge:

1. innstilling på val av revisjonsordning
2. innstilling på val av revisor

Alle kommunane har avtalar for revisjonstenester fram til samanslåinga. Lindås kjøper i dag sine revisjonstenester for rekneskap og forvaltning frå privat revisjon medan Meland og Radøy er medeigarar i og får sine revisjonstenester frå Nordhordland Revisjon IKS. Nordhordland Utviklingsselskap IKS leverer sekretariatstenester til kontrollutvala i alle kommunane.

Reglar om habilitet tilseier at representantskapets medlemar i Nordhordland Revisjon IKS ikkje kan delta i handsaming av sak om val av revisor, så lenge det interkommunale selskapet er ein aktuelle kandidat til å få oppdraget.



Sekretariatet for kontrollutvala vurderer det slik at ein ikkje har noko binding til Nordhordland Revisjon IKS og at ein derfor er habil til å førebu denne saka.

For å få fram eit saksunderlag for kontrollutvala sine tilrådingar til fellesnemnda er det no trong til å starte ein prosess for å greie ut ulike alternativ og førebu ei sak om dette.

Sekretariatet føreslår at følgjande moment vert belyst i ei sak for alle kontrollutvala og at slik framdrift vert lagt til grunn:

1. Innstilling på val av revisjonsordning

Vurdere ulike alternativ for organisering av revisjonen

- Tilsette egne revisorar
- Delta i interkommunalt samarbeid/selskap
- Kjøpe heile eller deler av revisjonstenesta i markedet

- Kostnad / kvalitet / kompetanse / fagmiljø ved ulike alternativ

Framdriftsplan 2018:

Sept. Vedtak i alle kontrollutvala om oppstart av utgreiing / sak

Okt. Sekretariatet utgreier saka

- Fellesmøte for kontrollutvala

Nov. Kontrollutvala vedtek sine tilrådingar til fellesnemnda

Des. Fellesnemnda vedtek revisjonsordninga for Alver kommune

2. Val av revisor

Valet av revisjonsordning vil leggje premissar for val av revisor

- Dersom egne revisorar – gjennomføre prosess for rekruttering
- Dersom interkommunalt samarbeid – gjennomføre prosess for endring i høve dette
- Dersom kjøp av tenester – gjennomføre anbudsprosess

Framdriftsplan 2019:

Basert på vedtaket om revisjonsordning må det i løpet av 1. halvår gjennomførast ein prosess og lagast ei ny sak til kontrollutvala med tilråding om val av revisor.

Kommunane må utover dette også ta stilling til sekretariatsordninga for Alver kommune. Dette er ei saka som også må avklarast seinast i 2019.

Denne saka må utgreiast/tilrådest av andre enn sekretariatet, som inngår i tenester levert av Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Behandling i møte:

Vurdering av habiliteten til sekretariatet

Kontrollutvalet meiner at sekretariatet, som del av Nordhordland Utviklingsselskap IKS er klart uavhengig av Nordhordland Revisjon IKS og derfor habil til å utgreie sak om revisjonsordning / revisor for Alver kommune.



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet innan 15.10.18 utgreie og utarbeide ei sak om val av revisjonsordning basert på dei moment og den framdriftsplan som går fram av saksutgreiinga.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet innan 15.10.18 utgreie og utarbeide ei sak om val av revisjonsordning basert på dei moment og den framdriftsplan som går fram av saksutgreiinga

38/18 Drøfting/førebuing av felles møte for kontrollutvala i kommunane som skal gå inn i Alver kommune

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Kontrollutvala for kommunane, som skal gå inn i Alver har gjennomført eit felles møte, og det er tenkt å gjennomføre eit nytt felles møte hausten 2018.

Følgjande tema har vore drøfta som aktuelle for dette møtet:

- Informasjon om status i arbeidet ved ordførar
- Status i arbeidet ved prosjektleiar/rådmann
- Informasjon om status felles lønn- og rekneskapskontor
- Informasjon om status felles barnevern
- Forvaltningsprosjekt /selskapskontrollar – status / revisjon av planar
- Val av revisjonsordning
- Personvernopplysningar – status i arbeidet

Behandling i møte:

Tema og tid for møtet vert drøfta

Andre aktuelle tema

- Justering av skulegrenser

Framlegg til vedtak:

Leiarane av dei tre kontrollutvala førebur i samarbeid med sekretariatet eit felles møte for kontrollutvala i løpet av oktober/november 2018.

Arbeidsgruppa fastset nærmare dato for møte, utarbeider endeleg program og sender ut innkalling snarast råd.

Samrøystes vedtak:

Leiarane av dei tre kontrollutvala førebur i samarbeid med sekretariatet eit felles møte for kontrollutvala i løpet av oktober/november 2018.

Arbeidsgruppa fastset nærmare dato for møte, utarbeider endeleg program og sender ut innkalling snarast råd.

**39/18 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn**Saksvedlegg:Saksopplysningar:

For å sikre god internkontroll, vert det etter kontrollutvalet sitt ønskje, lagt fram ein oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Budsjettramma for kontrollutvalet er av kommunestyret for 2018 vedteke til kr 950.000 og er slik fordelt av kontrollutvalet i sak 11/18:

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Rekn. pr aug. 2018
Rekneskapsrevisjon	220 000	230 000	104 000
Forvaltningsrevisjon	500 000	465 000	258 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	135 000	130 000
Drift av kontrollutvalet	100 000	120 000	64 000
<i>Totalt kontrollutvalet</i>	<i>950 000</i>	<i>950 000</i>	<i>556 000</i>

Oversyn for tenesta kontroll og tilsyn per august 2018 syner ein total kostnad på kr 556.000.

Rekneskapsrevisjon inkluderer eit mindre restoppgjjer for 2017 – kr 14.000. Det er ikkje ført å konto sum for rekneskapsrevisjon sidan rapportering pr. mars.

Forvaltningsrevisjon gjeld kostnader for to selskapskontrollprosjekt og prosjektet om informasjonstryggleik.

Sekretariat kontrollutval gjeld betaling for heile 2018.

Basert på førte og forventa kostnader vil rekneskapet kunne styrast i balanse med budsjett for 2018.

Behandling i møte:**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt til orientering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt til orientering

40/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**Behandling i møte:****Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader.



33/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Følgjande saker vart orientert om og drøfta i møtet:

Ingen saker vart teke opp under møte.

Oppfølging:

Samrøystes vedtak:

Neste møte i kontrollutvalet er 17. oktober kl. 09.00

Saker til neste møte er:

- Orientering om helse og omsorg
- Oppfølging av punkt i revisjonsrapport rekneskap
- Felles møte KU Alver
- Drøfte oppfølging plan selskapskontroll / forvaltningsrevisjon

Knarvik, 13.09.2018

Rolf Hegland, fung. leiar (sign)

Øivind Olsnes, sekretær